



Har du sett han?

Onsdag klokka halv to stakk viltveren vår av, fortel Nelly Kjærland, som ønskjer at uskedalen.no skal etterlysa han.

Erke er 4 år og fekk ikkje vere med damene sine til fjells for ein måned sidan.

Han har gått i ei lita innhegning på garden på Kjerland.

- Erke er veldig snill, men onsdag vart han skremd, fortel Nelly og skildrar den dramatiske hendinga som gjekk føre seg før forsvinninga:

'- Det heile starta med at då eg starta plenklipparen fauk dei tre hønene våre over gjerdet til Erke. Då vi skulle fanga hønene, vart Erke redd og hoppa over gjerdet og litt seinare inn i ei anna kjend innhegning.

Diverre var det der 13 små og store utegangarkyr som var glade for å få besøk. Dei sprang etter Erke med rompene sine rett opp. Dette vart for mykje for Erke og han strauk til dals!

Eg spurde ein syklist etter nokre minuttar om han hadde sett ein ver på vegen og det hadde han: - Eg såg ein med store, krølla horn. Han kom springande forbi meg ovanfor der Svanhild Haugland bur!

Siv Hanne, Per Erlend og eg leita etter Erke oppi dalen, men fann han ikkje. Og ingen hadde sett han. Kan nokon hjelpe oss? Er det nokon som har sett Erke? Ring meg eller Jon Harald på 950 82320 eller 534 86264.

Erke har ei raud klype med namnet på ein mann frå Austevoll og ei kvit klype med Smeholmen på. Han har aldri vore på fastlandet før vi kjøpte han i fjor haust, så han kan ha fare langt.'